



ROGER SUNDAL VILLANGER
FLØHOLMEN 32
5937 BØVÅGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 20/2403 - 23/38239

Saksbehandlar:

Merethe Tvedt

merethe.tvedt@alver.kommune.no

Dato:

16.05.2023

Kunngjering endeleg vedtatt plan - Detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken, gbnr. 188/701 m.fl. PlanID. 1263-201904

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 12-12 har Alver kommunestyre 11.05.2023 som KO-sak 062/23 handsama framlegg til reguleringsplan med slikt vedtak:

«Alver kommunestyre godkjenner framlegg til detaljreguleringsplan for Kvassnesbakken, gbnr 188/701 m.fl., Planid. 1263-201904, som vist på plankart sist datert 08.03.2023 og med føresegner av revisjonsdato 31.03.2023. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslovas § 12–12.»

De er med dette gjort kjend med vedtaket.

Den vedtekne reguleringsplanen er straks bindande for framtidig arealbruk i området, samt for utviding av eksisterande tiltak, jf. pbl §12-4.

SAKSDOKUMENT

Godkjent reguleringsplan med tilhøyrande dokument er tilgjengeleg på heimesida under [Høyringar og kunngjeringar](#).

OM KLAGE

Vedtaket er eit enkeltvedtak og kan pålagast jf. forvaltningslova (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen stilast til:

- Alver kommune, Plan v/Arealforvaltning , postboks 4, 5906 Frekhaug, eller
- som e- post til post@alver.kommune.no

I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

ERSTATNING/INNLØYSING

Krav om erstatning etter pbl § 15-2 og krav om innløyising etter den same lova § 15-3 må setjast

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug

post@alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559

Innbyggjarservice: +47 56 37 50

www.alver.kommune.no

Organisasjonsnummer: 920 290 922

00

fram seinast tre år etter at reguleringsplanen er kunngjort.

Med helsing
Alver kommune Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Merethe Tvedt
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

ROGER SUNDAL VILLANGER

FLØHOLMEN 32 5937

BØVÅGEN